

KYRKJEBLAD

For KVITeseid SOKN (Kviteseid, Vrådal, Brunkeberg, Fjågesund og Kilen)



God påske!



Kyrkjetrappa

KYRKJEKONTORET I KVITeseID

Telefon: 35 06 81 31
Kviteseidgata 13, 3850 Kviteseid
kyrkja.no/kviteseid



Kyrkjevevjerje
Kristen Salmelid
Kontor tlf: 35 06 81 31
Mobil tlf: 97 04 78 60
post@kyrkjetrappa.no



**Kyrkjegardsarbeidar/
kyrkjetenar**
Håkon Heggveit
Mobil tlf: 91 18 37 50



**Fungerande
sokneprest**
Dag Harald Undheim
Mobil: 90778921
[dag.harald@
seljordkyrkje.no](mailto:dag.harald@seljordkyrkje.no)



**Kyrkjegardsarbeidar/
kyrkjetenar**
Jan Haugen
Mobil tlf: 91 12 02 48
[kyrkjetenar@
kyrkjetrappa.no](mailto:kyrkjetenar@kyrkjetrappa.no)



Organist
Olav Holm
Mobil: 93 40 11 56
[organist@
kyrkjetrappa.no](mailto:organist@kyrkjetrappa.no)



**Kyrkjegardsarbeidar/
kyrkjetenar**
Bjørn Stian Sigurdslid
Mobil tlf: 97 07 87 71



**Trusopplærer og
kyrkjelydssekretær**
Knut Ove Lofstad
Kontor: 35 06 81 28
Mobil tlf: 99 61 65 26
tru@kyrkjetrappa.no



Prostidiakon
Eilev Erikstein
3880 Dalen
Mobil tlf: 91 11 35 80
eilever@online.no

Om bladet

Ansvarleg redaktør: Kristen Salmelid
Framsida: Krokuser og prostidiakon
Eilev Erikstein. Foto: Kristen Salmelid
Uforming og trykk: ETN Grafisk

Gåver:

Bankkonto: 2660.45.14648
Vipps: 3850 (Den norske kyrkja i Kviteseid)

Jesus set fri

Den viktigaste budskapet i påska er at Jesu død og oppstode set menneske fri.

Påska er på mange vis ein stor bytehandel – der alt som høyrer meg til blir gjeve til Jesus, medan alt som høyrer Jesus til blir gjeve til meg.

Den sterkaste illustrasjonen på dette finn me i forteljinga om Barabbas.

Kven var Barabbas? Det nye testamentet fortel ikkje så mykje om denne mannen. Men det litle som vert sagt, er nok til å kunne setje den sterkaste fargen på påskebudskapet.

Lukas karakteriserer Barabbas med desse orda: «Barabbas var ein mann som sat fengsla for opprør i byen og for mord.» Matteus seier i tillegg at Barabbas var «... ein velkjend fange ...», medan Markus føyer til at han «... sat fengsla saman med nokre andre opprørarar ...». Johannes nøyer seg med å seie at Barabbas var ein røvar.

Alle evangelia er samstemde i korleis det gjekk vidare: Barabbas vart sett fri, medan Jesus vart krossfest. Slik seier Matteus det: «Då gav han dei Barabbas fri, men lét Jesus piska og gav han over til krossfesting».

På dette viset vert rollebyttet – eller bytehandelen – mellom Jesus og Barabbas ein sterk illustrasjon av påskebudskapet. Barabbas som var den skuldige, gjekk fri, medan Jesus – den uskulde – vart krossfest og døyde.

Dette evangeliet er levande og virkekräftig i dag. Eg er som Barabbas. I møte med Jesus vert mi synd og skuld byta med tilgjeving, liv og sæle. Dåpen gav meg dette på ein grunnleggjande måte, medan omgangen med gudsordet og nattverden i dei heillages samfunn gjev meg ein stadig fornying av denne store gåva.

God påske til alle og kvar einskild i Kviteseid sokn.

Dag Harald Undheim



Ein viktig person for lokalmiljø og kulturarbeid i Vest-Telemark

Arvid Syftestad i Kviteseid

Av Olav Mosdøl

Kviteseid er ei vakker bygd ved Telemarkskanalen. Gjennom båttrafikken i eldre dagar utvikla sentrum seg på fleire område med bryggje, tett busetnad, butikkar, bakeri, bank, hotell, lærarseminar, ny kyrkje og ei rekkje undervisningstilbod. Her vart Arvid Syftestad fødd i 1938. Han gjekk på Moen skule, tok seg jobb i ung alder, kom til å bu i fleire kommunar og fekk varierte arbeidsplassar. Kyrkjebladet har fått ein interessant samtale med Arvid i heimen hans på Torshaug.

– Korleis var liv og særpreg i oppvekst og ungdomstid?

– I mine unge år på starten av 1950-talet, arbeidde fleire ungdomar rundt på gardane. Me fekk 10 kroner dagen og kosten. Det var triveleg arbeid saman med bonden og andre unge. Eg var kjend med gardsarbeid ettersom foreldra mine, Karoline og Sverre Syftestad, forpakta prestegarden i bygda fram til 1946. Seinare arbeidde eg for bestefar Halfdan i Jacobsen Bakeri. Me gjekk på folkeskulen annankvar dag og kunne jobbe den dagen me hadde fri. Hausten 1952 vart det starta framhaldsskule i Kviteseid. Foreldra mine meinte eg burde gå på den – og slik vart det, fortel Arvid Syftestad.

– Ein dag i juni 1953 kom far heim etter jobb på lensa. Då hadde styraren på Kviteseid Handelslag, Aslak Herrefoss, spurt om han trudde eg var interessert i å jobbe som handelsbetjent. Løna var 100 kroner i månaden og ei prøvetid på eit halvt år. Eg takka ja; og det vart starten på eit liv med handel og sal. Fram til militærtenesta i 1958 jobba eg der, med eit avbrot på handelsskulen og ein tur på ein oljetankar i 6 månader.

Møte med fleire lokalmiljø

– Men du flytta ut frå Kviteseid?

– Etter at eg sommaren 1959 hadde fullført 16 månader i H. M. Kongens Garde, fekk eg vite om ein ledig jobb på Dalen Samvirkelag som handelsbetjent. Den fekk eg, og då styret på Dalen fekk orientering om at Vinjesvingen Samvirkelag var konkurs, fekk eg vere med på ekstraordinært årsmøte. Der var formann Olav Haugsevje og styrar Jon Sanden med, og det vart avgjort at me skulle prøve å drive butikken som filial under Dalen Samvirkelag.

Arvid nemner at han vart leiar der, og at det samtidig skjedde ei viktig hending i livet hans. Han hadde møtt Tjodvor Haugen frå Vinje, som var eit år yngre. Dei gifte seg i Vinje kyrkje nyttår 1961 med Sigmund Lystrup som prest. Våren 1963 gjekk han inn i ny jobb som butikk-sjef på Dalen Samvirkelag, og dei kjøpte seg hus. Der vart dei buande saman med borna Marit f. 1962 og Sverre f. 1965. Frå 1. mars 1970 starta han som distrikts-sjef for Livsforsikringsselskapet Idun.

– Kvar gjekk så vegen vidare?

Arvid fortel at familien etter kvart flytta til Seljord. – Det passa med arbeidet, og me kjøpte tomt av kommunen og bygde hus i Gravshaugane. I denne tida var Tjodvor heimeverande husmor, og sjølv farta eg mykje i jobben med forsikring. På haustparten 1976 fekk eg telefon frå mor med spørsmål om me kunne flytte til Kviteseid. Foreldra mine hadde då for nokre år sidan kjøpt Kviteseid Manufaktur med bustad av Kristian Herrefoss. Dei var båe komne i 60-åra og hadde ynskje om at me skulle overta. Slik vart det at frå nyttår 1977 flytta me inn i Garverivegen 19. Me bygde på og dreiv forretninga ein del år med Tjodvor som dagleg leiar; men etter nokre år selde me varelageret til Sverre Ruud Manufaktur.

– Og du sjølv var framleis knytt til forsikringsbransjen?

Her viser Arvid fram eit foto som er datert 14. juni 1996, og fortel: – Det stemmer at eg var i dette arbeidet. Etter kvart gjorde eg avtale med Storebrand om å byggje eit forsikringskontor og sendte søknad om bygjeløyve til Kviteseid kommune. Det førte til opning av Vest-Telemark Assuranse A/S. På biletet ser me f. v: Helga Finsveen, Arvid Syftestad, Per Arne Diskerud og Per



Frå opning av Vest-Telemark Assuranse AS i Kviteseid 14. juni 1996. Foto: Privat

Stian Dahle. Den gongen fekk eg òg ein hyggeleg telefon frå teknisk etat i Kviteseid, med spørsmål om eg kunne byggje eit tannlegekontor samtidig. Slik vart det. I ein periode dreiv så Per Arne Diskerud og eg Vest-Telemark Assuranse AS i Garverivegen 19, men frå 2003 vart det Seljord Gravferdsbyrå i 20 år. I dag har Vest-Telemark Gravferdsbyrå AS, Salong 19 AS og Kvit-Dent AS sine kontor i bygget.

Interesse for kunst og kultur

– Du har mange måleri og bilete i heimen din. Korleis starta interessa?

– Då må me langt tilbake, fortel Arvid.
– Eg minnest ein sommardag i 1960. Då stoppa ein personbil utanfor Samvirkelaget i Vinjesvingen. Eg var styrar der, og inn i butikken kjem ein blid og hyggeleg mann. Han seier at han kjem frå eit forlag i Oslo, og tilbyr meg å kjøpe måleri. Eg vart med ut i bilen hans. Resultatet vart to oljemåleri, som eg har den dag i dag. På det eine står det signaturen L.A. og på det andre: Leif Kristoffersen. Dei to landskapsmåleria har vore med meg over 60 år.

– Etter den tid har eg kjøpt mange på utstillingar rundt omkring i Noreg – også eitt i Sverige. I tillegg har eg hatt vinnarlykke på Galleri Samvirke i Vrådal og har vunne fleire kunstverk. Som medlem i Storebrand Kunstforening i 30 år har eg vore med på fine kunstreiser i mange land. Etter pandemien har reisene utanlands stoppa opp. Difor er det hyggeleg at Kviteseid kunstforening no kan arrangere turar til kunstmuseum og galleri omkring i Noreg.

– Men du har òg vore glad i songen – og ei støtte for idretten?



Opning av Kviteseid Kunstforenings utstilling i Kviteseid 25. 11. 2022. F.v.: Arvid Syftestad, Hallvard Nordbø Jørgensen. Foto: Olav Mosdøl



Arvid Syftestad utafor eige bygg i Garverivegen 19. Foto: Olav Mosdøl

Her hugsar Arvid tilbake til åra i folkeskulen og seier: – Me song alltid på Moen skule i Kviteseid. Læraren vår, Sverre Sæther, hadde god stemme; og me song når me kom om morgonen og ved skule-slutt på ettermiddagen. Då eg fekk vite at Mannskoret Ågapet vart starta i 2003, begynte eg der.

Det har vore ei stor glede av å vere med; noko som førde meg inn Vestfold og Telemark Korforbund, der eg framleis har verv. Elles har det òg vore fint å vere aktiv med og hjelpe til på ymse felt i Kviteseid-idretten, der eg er æresmedlem i laget.

– Dessutan har du kome i møte med menneske i sorg?

– Då sonen Sverre kjøpte Seljord Gravferdsbyrå, var Tjodvor og eg blitt pensjonistar. Difor kunne me vere til hjelp ved dødsfall og gravferder, nemner Arvid. – Me opplevde noko fint i livet – ved å kunne vere til hjelp i sorgfulle stunder. Det kunne vere med gjennom samtalar, eller ordning av ymse praktiske ting. Det var positivt på mange måtar å gå inn i fellesskapet og arbeide i lag med kyrkje-kontoret. Dei siste 6 – 7 åra vart det ei stor glede å få høve til å samarbeide med vår sokneprest Møyfrid Lunde, til ho slutta ved årsskiftet 2024.

– Vil du nemne noko til slutt, Arvid?

– Då må eg sjå meg litt tilbake. Dei siste fem åra var kona mi, Tjodvor, sjuk; og ho døydde fredeleg frå oss 3. mars 2023. Når me kjem oppover i 80-åra, er det naturleg at ein tenkjer på døden. Gjennom snart 50 år har eg vore med i eit Losje-fellesskap på Notodden. Det har vore mykje positivt på mange måtar, og fellesskapet er tufta på kristne verdiar. Difor er det fint å vere med på gudstenester i kyrkja og på gode samvær med mykje song og musikk på Misjonshuset. Det gjev meg styrke i kvar-dagen.

– Til slutt vil eg seie; det er noko frå ein dag eg besøkte Tjodvor på KOS. Det er kan hende 3 år sidan. Telefonen ringjer, og sokneprest Møyfrid spør meg om ein song eg likar, og som me skulle framføre på ei samling i kyrkja. Eg må tenkje på det – sa eg – så ringjer eg tilbake! Eg spør Tjodvor: - Kva meiner du? «Fagert er landet du oss gav, Herre, vår Gud og vår Fader!» av Anders Hovden, svara ho. Den songen vart framført i kyrkja den gongen, og me brukte den også då eg inviterte Møyfrid, Astrid og Kjell til kveldsmat før jol.

Spennande år for Kvitsund Gymnas

Av Edgar Gamst Kristoffersen (rektor) og Dagfinn Køhn



Foto: Wærmo dronefoto

Kvitsund har i årevis vore ein møteplass og ein skule for ungdommar frå Kviteseid og Vest-Telemark, frå fylket elles og frå store delar av landet vårt. Samstundes har skulen som ein av dei største arbeidsplassane i kommunen gjeve skatteinntekter til felles gagn i nærmiljøet. Om ikkje lenge kan institusjonen feire både eitt og to jubileum, noko Kyrkjebladet vil kome tilbake til i neste nummer. Som ein liten forsmak har vi hatt ein prat med rektor Edgar Gamst Kristoffersen.

- Det er eit privilegium å få drive ein skule som Kvitsund, seier han. Vi er opptekne av å halde eit høgt fagleg nivå og i tillegg formidle sunne verdiar og haldningar. Gjennom det heile er det ekstra meningsfullt å peike på Jesus Kristus og såleis leggje til rette for tru og etterfølging.

- Korleis er situasjonen for dykk nå, når det nærmar seg eit nytt skuleår?

- Ei helg i februar kvart år inviterer vi interesserte 10.-klassingar til skulen. Då får dei sjå korleis vi har det, og dei får orientering om fagtilbod, fritidsaktivitetar og tilhøve elles. Dette er alltid eit spennande og meningsfullt arrangement, og i år var det ekstra positivt, med monaleg fleire påmelde enn i fjor. I tillegg til dette har vi sendt eigne elevar og tilsette ut for å orientere om Kvitsund; til skular, utdanningsmesser, forsamlingar og ungdomsklubbar «land og strand» rundt. Elevane formidlar godt og fortel både frå klasserommet og frå livet på internatet. Dei fortel at dei trivst på skulen,

men dei kan òg fortelje om at t.d. internatlivet kan vere utfordrande. Eg opplever dette som svært god reklame for skulen, og det er verkeleg kjekt å reise rundt og fortelje om både den og den fine bygda vår.

- Har du nokre ord til sist til lesarane av Kyrkjebladet?

- Først og fremst vil eg seie takk til alle som støttar oss elevar og tilsette med tankar, heiarop og bønner. Og til slutt: Kvart år kårar Norsk språkråd eit såkalla nyord. I år vart dette KI-generert, som tyder noko som er laga med kunstig intelligens. Eg tenkjer at et aktuelt nyord i år 30 e. Kr. kunne ha vore menneskefiskar. Jesus kalla eingong fiskarbrørne Simon og Andreas til disiplar ved å seie: «Kom og følg meg, så skal eg gjera dykk til menneskefiskarar!»

I motsetning til fisken, som set seg fast i garnet, kan vi late oss «fange» av Guds kjærleik og nåde. Gud tvingar ingen, men han vil at du og eg skal få erfare at Han lever i dag!

66 enkeltgaver på til saman nær 24.000 kr kom inn gjennom kyrkjebladet i 2023!

Tusen takk for di gåve!

Kostnadene med oppsett, trykking og distribusjon av dei 4 nummera i 2023 var på 72.000 kroner. For å få meir inndecking for utgiftene har soknerådet difor vedteke at vi no startar med annonsar i bladet. I 2024 blir det òg av forskjellige grunnar berre 3 nummer; dette, eit i august og eit før jol.

Men vi er framleis avhengige av dine gode gaver og at mange betalar kontingent.

Kontingent for 2024: kr 200,- pr husstand (Det er sjølvsagt frivillig om du vil betale, og kor mykje du vil betale.)

Bankkonto: **2660.45.14648** eller

Vipps nr 3850, kategori '5 Gåve til Kyrkjebladet'

Med bruk av Vipps kan du sjølv aktivere skattefrådrag på alle dine gaver til Kviteseid sokn.



Tusen takk for di gåve!

Kvittering

Innbetalt til konto

2660.45.14648

Beløp

Betalernes kontonummer

Betalingsinformasjon

GIRO

Underskrift ved girering

┌

└

┌

└

Betalt av

Betalt til

Kviteseid sokn
Kviteseidgata 13
3850 Kviteseid

Kroner

Øre

Til konto

<

>

2660.45.14648

KYRKJESTØGO I KVITSEID

Kyrkjebladet har tidlegare orientert om byggeprosessen for Kyrkjestøgo, det nye tilbygget til bårehuset i Kviteseid. No kan vi melde at huset står ferdig og er tatt i bruk, godt utstyrt med bord og stolar, kjøkenbenk og skjerm til undervisning og liknande. Konfirmantane har allereie hatt fleire samlingar her, og det same har diakoniutvalet. I det heile vil rommet vere tenleg til møte for ulike komitéar og råd, og nærleiken til kyrkja gjer at det også vil kunne nyttast i samband med gudstenester og andre samkomer i kyrkjerommet. Med solceller på taket trur vi at dette har blitt eit bygg både for dagen og framtida, og vi takkar alle som har støtta prosjektet økonomisk og såleis gjort dette til eit nyttig tilskot til verksemda vår. Jon Lindheim fekk æra av å klippe snora 3. desember 2023.



Foto: Knut Ove Lofstad

NY SOKNEPREST



Sigrun Lønning Solvang (52) er tilsett som ny sokneprest i Kviteseid frå 1. august 2024.

Sigrunn har dei siste 16 åra vore tilsett som lektor med tilleggsutdanning på Kvitsund Gymnas, og var før det

10 år som lærar i Kviteseid kommune. Ho kjem frå Bømlø, men har nå budd i Kviteseid med mann og born i 31 år, så ho både kjenner bygda og er kjent for dei fleste.

Ho har mellom anna mastergrad i erfaringsbasert kristendom (frå 2006), og er nå i innspurten av 'Praktikum' som ho har teke på deltid over to år.

Vi gler oss til å bli betre kjent med Sigrun og **ynskjer henne hjarteleg velkommen som vår nye sokneprest!**



Foto: Kristen Salmelid



Barnas



Vitsar

- Kva heiter den nye hunden din?
- Eg veit ikkje, han vil ikkje sei det.

Kvifor kan ikkje eg ringe når smultringar?

Prikk til prikk



Teikn ein strek frå 1 til 2 og så vidare. Kva skjuler seg her?

Gje barnebladet Barnas til eit barn du er glad i!


Desse oppgåvene er henta frå bladet.

Bestill abonnement på sondagsskolen.no eller 22 08 71 00



Fargelegg!

Jesus tok imot barna og sa at dei vaksne har mykje å lære av dei. Fargelegg biletet av Jesus og barnet.



Kryssord

1. ○ ○ ○ ○ ○ Disippel i Johannes 20,26
2. ○ ○ ○ ○ ○ Engel i Lukas 1,26
- Hyllingsrop i Markus 11, 9 3. ○ ○ ○ ○ ○
- Dyr i Markus 10,25 4. ○ ○ ○ ○ ○
5. ○ ○ ○ ○ ○ Tal i Apostelgjerningane 27,28
6. ○ ○ ○ ○ ○ Namn på Jesus i Matteus 1,23
7. ○ ○ ○ ○ ○ Frø i 2. Korintarbrev 9,10

Bruk Det nye testamentet i Bibelen for å koma fram til løysingsordet.

Teikning: Trevor Keen

TAKK FOR GÅVE!

- Mørgedal Bygdekvinnelag har gjeve kr 10.000 til ny benk på kyrkjegarden i Kviteseid. Hjarteleg takk!
- Kr 88.000 er gjeve til inventar i Kyrkjestøgo
- Kr 24.000 er gjeve til kyrkjebladet
- Kr 83.000 er gjeve som faste månadlege gåver via avtale-giro

REKORD-BELØP PÅ KYRKJELYDSBASAREN!

Kr. 74.000 blei brutto resultat på basaren like før advent 2023. Tidlegare år har resultatet vore på +/- 50.000. Kr 20.000 er etter vedtak sendt til Misjonsprosjekta våre i Nepal og Etiopia, medan resten har gått til trusopplæringsarbeidet i kyrkjelyden.

REKNESKAPSRESULTATET FOR KVITSEID SOKN

Detaljar frå dette vil bli presentert på soknemøte 21. april.

Dette er enkelt resultat før revisjon: (neg. tal her er underskot / meirforbruk)

Drift	Resultat	Budsjett (inn-ut)
Administrasjon	- 62.090	1.150.000
Kyrkjer	-167.475	1.579.000
Kyrkjegard	+ 51.300	1.130.000
Andre føremål (trusoppl., diakoni mm)	+ 79.964	939.000
Sum		4.798.000

Av dette var 3.726.200 tilskot utbetalt frå kommunen.

Resultat for driftsrekneskapan inkl. finans, viser balanse mellom inntekter og utgifter, og altså verken overskot eller underskot.

Investeringsprosjekt har vore Kyrkjestøgo med solcelleanlegg og inventar, utkjøp av leasa bil og restarbeid på varmestyring i Kviteseid kyrkje. Med 'omsetnad' på 1.154.769 vart det eit 'overforbruk' på 120.000, som må dekkjast inn av investeringsbudsjettet i 2024. Tilskotet frå kommunen var kr 1.0 mill.

I 2024 blir tilskotet kr 500.000, og vedtekne prosjekt er minnelund på den nyaste kyrkjegarden i Kviteseid og rehabilitering av blyglas i Kviteseid kyrkje.



Kviteseid Rørhandel

AMBASSADØRAVTALE

I desember underteikna Kviteseid sokn og Bufetat (Barne-, ungdoms- og familie-etaten, Region sør) ein avtale som inneber at kyrkja lokalt skal bidra til å gjere synleg behovet for fosterheimar i Agder og Telemark.

Det var tidlegare barne- og familieminister Kjell Ingolf Robstad som tok initiativet til å invitere alle trus- og livssynssamfunn til å bli med på ein nasjonal dugnad for å rekruttere nye fosterheimar. Behovet er stort i heile landet, også i vår region.

Som kyrkjelyd har vi eit stort engasjement for born og unge, så det fell naturleg å vere med på denne dugnaden.

Er du nysgjerrig? Gå inn på fosterheim.no. Bufetat treng alminnelege heimar med vaksne omsorgspersonar.

MINNELUND

Soknerådet vedtok på møtet sitt i januar i år at det skal etablerast ein minnelund, primært med tanke på markering av urnegraver, på det nyaste gravområdet i Kviteseid, nord for kyrkja. Inne i det som no er ein hekk, skal det midt i ein sirkel reisasast ein stor stein der det på begge sider blir plass til å montere små minneplater med namn på avlidne. Rundt steinen blir det benkar til å sitje på, og plass til blomar og ljøs. Minneplatene vil erstatte eige gravminne på kvar urne-grav. Det er kyrkjegardsarbeidar Bjørn Stian Sigurdslid som har utarbeidd planen, og denne er vidare godkjent av Statsforvaltaren. Tanken er no å kome i gang med dette arbeidet i løpet av sommarhalvåret.



DEN NORSKE KIRKE


Vi er stolt ambassadør!

Vi støtter fosterhjemstjenestens arbeid ved å spre budskapet om **at det er barn og ungdommer i nærmiljøet som trenger et nytt sted å bo.**

Vil du vite mer? Gå inn på:



Fosterhjem.no



LIVETS GANG sidan sist kyrkjeblad

Døpte

Brunkeberg:

Olav Råmunddal Tveito

Vrådal:

Leah Anne Jørgensen

Kviteseid:

Tov Aasmundtveit

Emil Hjertås

Døde

Kviteseid:

Sveinung Hallvard

Lundevall

Magne Volhovd

Kjell Snaunes

Hadle Hovda

Jon Kilen

Kåre Fredrik Pettersen

Ingrid Jenny Bjørnson

Brunkeberg:

Olav Sollid

Olav Groven

Anne Håtveit

Vrådal:

Torunn Haugland

Svanaug Turine Johansen

Harald Tveit

Fjågesund:

Ole Johnny Haugestøl

Olav Gravir

Vest-Telemark



Tidlegare Tokke begravelsesbyrå
og Seljord gravferdsbyrå

DØGNVAKT
928 13 634

Gravferdstenester. Gravstein.
Omsliping, påskrift, vask og oppussing
av eldre gravstein.

www.vtgravferd.no

SPRÅKKAFÉ

på Misjonshuset resten av våren:

(i regi av Fredheim, Betel, Kyrkja og Misjonshuset)

Onsdagar kl. 14.30 - 17.30

27. mars, 17. april, 8. mai og 5. juni

Velkommen til å vere med!

FØREMIDDAGSTREFF

på Misjonshuset

(i regi av soknerådet)

Onsdagar kl. 11.00 – 13.00

20. mars og 24. april

Velkommen!

SOKNEMØTE

Årsmøte for soknet blir i Kviteseid kyrkje
sundag 5. mai, etter messa.

GODHETSVEKA i Kviteseid

(i regi av Fredheim, Betel, Kyrkja og Misjonshuset)

22.-28. april, med felles gudsteneste

Sundag 28. kl. 11.00.

Ynskjer du hjelp til noko heime, eller vil du vere med og hjelpe ein eller fleire ettermiddagar, så ta kontakt med Rolf Inge Johansen på Fredheim (90688731), eller Kristen Salmelid på kyrkjekontoret (97047860).

OPEN SORGGRUPPE i Brunkeberg

Torsdag 2. mai kl. 18 er alle som vil samtale om og dele tankar om sorg, velkomne til sorggruppe i kjellaren i Brunkeberg kyrkje.

Det er tungt å vere åleine i sorga. Sorg er smertefullt, men sorga kan bli lettare å halde ut når ho bli delt.

Samlinga er eit samarbeid mellom Kyrkja i Seljord og Kviteseid, ved diakonane. Det er inga påmelding. Det er berre å kome.



Språkkafé

På språkkafé snakkar me norsk, og har det hyggeleg saman!

DIAKONISAMLING i Fyresdal

Diakonisamling for Vest-Telemark er gamal tradisjon. I si tid var det diakonikonsulent i bispedømet Oddvar Ripegutu som starta tradisjonen med ei samling som skulle gå på omgang mellom sokna. Fyrste samlinga vart halde i Fjågesund i 1979. Desse samlingane var viktig for oppretting av landets fyrste prostidiakonstilling. Her våga kyrkja i samarbeid med kommunane Tokke, Vinje, Nissedal, Kviteseid, Fyresdal og Nissedal noko heilt nytt.

Sundag 7. april er det klart for den 45. Diakonisamling for Vest- Telemark. Den vert i år i Moland kyrkje i Fyresdal kl. 17. Etterpå vil Randi Tjørnes, leiar for diakonutdanninga på VID/Diakonhjemmet, dele tankar om kva slags diakonar vår kyrkje treng framover. Prost Asgeir Sele og tidlegare trusopplærar, no kulturskulerektor i Vinje og medlem av Bispedømerådet Stine Beate Mondal Ljostad responderer.



MØTEPROGRAM FOR MISJONSHUSET, KVITeseid NORMISJON

MARS

Sund. 24. 11.00 0-100 Palmesundagsmøte med påskelunsj

APRIL

Tysd. 2. 19.30 Ulf Børje Rahm
5.-7. Møtehelg ved Jens Iver Jensen (sjå annonse)
Tysd. 9. 19.30 Kveldsbibelskule ved Dag Erik Asdahl
Sund. 14. 17.00 0-100 med nattverd og søndagsskule. Daniel Hals talar.
Tysd. 16. 19.30 Kveldsbibelskule ved Dag Erik Asdahl
Sund. 21. 17.00 RIK bibelbruk (høgtlesing Johannes 8-11)
Tysd. 30. 18.30 Bøn for Kviteseid
17-20 DUGNAD 17.20, før og etter Bøn

MAI

Sund. 5. 11.00 0-100 med søndagsskule. Leif Holte talar.
Tysd. 7. 17-20 DUGNAD
Sund. 12. 17.00 RIK bibelbruk (Johannes 14-17)
Tysd. 14. 19.30 Bjørn Lauritzen (Israelsmisjonen)
Sund. 19. 17.00 0-100 Pinsemøte og søndagsskule. Dag Erik Asdahl
Tysd. 21. 17-20 DUGNAD
Sund. 26. 11.00 0-100 Familie. Inge Håvard Jore
Tysd. 28. 18.30 Bøn for Kviteseid
19.30 RIK bibelbruk (Rom. 12-15)

JUNI

Sund. 2. 17.00 0-100 med søndagsskule. Livar Veggeland
Tysd. 4. 19.30 Kjell Johan Nenseter
Sund. 9. 11.00 0-100 Nattverd og vitnemøte
Tysd. 11. 19.30 Thor Egil Abrahamsen
Sund. 16. 17.00 0-100 Song- og vitnemøte
Tysd. 18. 19.30 Kveldsbibelskule ved Dag Erik Asdahl
Sund. 23. 17.00 Sommeravslutning og St.Hansfeiring på stranda på Kvitsund
Tysd. 25. 19.30 RIK bibelbruk
Sund. 30. 11.00 RIK bibelbruk (Filipparbrevet)

JULI

Ingen møte

AUGUST

Sund. 4. 11.00 0-100 Nattverd og vitnemøte
Tysd. 6. 19.30 Møte
Sund. 11. 11.00 RIK bibelbruk
Tysd. 13. 19.30 Møte
Sund. 18. 11.00 Semesteropning

Håp i ein dråpe vatn! FASTEAKSJONEN VARAR HEILT TIL PÅSKE

Ein kan tenke seg at fastetida handlar om å finne ein god balanse i livet, gjennom mindre matinntak og kontemplasjon. Det er sikkert rett.

Men fastetida handlar vel så mykje om å kjempe mot urett, og syne nestekjærleik i ord og handling.

Ein fin måte å gjere dette på er å støtte Kirkens Nødhjelp si fasteaksjon. Aksjonsdagen her i Kviteseid er tysdag 19. mars, då konfirantar og andre kjem på døra med bøsser.

Har du ikkje fått gitt, så fungerer **Vipps 2426** framleis godt, eller du kan nytte konto **1594.22.87493**



Øvre Telemark Begravelsesbyrå

Øvre Telemark Begravelsesbyrå AS

Alt innen gravferd.
Oppsett og oppussing av gravstein.
Stell av gravminne.

telemarkbegravelse.no

tlf. 466 90 000 | post@telemarkbegravelse.no
Mosasida 215, 3840 Seljord

Trygt, omsorgsfullt og verdig

RETURADRESSE: KYRKJEKONTORET - KVITSEIDGATA 13, 3850 KVITSEID

GUDSTENESTELISTE

MARS

Sun. 28.3. Skjærtorsdag.

Kviteseid kl.18.00. Gudsteneste.

Sun. 29.3. Langfredag.

Brunkeberg kl.11.00. Gudsteneste.

Sun. 31.3. Påskedag.

Kviteseid kl.11.00. Høgtidsgudsteneste.

Vrådal kl.13.30. Høgtidsgudsteneste.

APRIL

Man. 1.4. 2.påskedag.

Fjågesund kl.11.00. Høgtidsgudsteneste.

Sun. 14.4. 3. søndag i påsketida.

Brunkeberg kl.11.00. Gudsteneste.

Sun. 21.4. 4. søndag i påsketida.

Kviteseid kl.11.00. Gudsteneste.

Sun. 28.4. 5. søndag i påsketida.

Vrådal kl.16.00. Samtalegudsteneste.

MAI

Laur. 4.5. Konfirmasjonsgudsteneste.

Kviteseid kl.11.00.

Sun. 5.5. 6. søndag i påsketida.

Kviteseid kl.11.00. Familiegudsteneste.

Soknemøte etter messa.

Sun. 9.5. Helgetorsdag.

Vrådal gamle kyrkjegard kl.11.00. Familiegudsteneste.

Sun. 17.-mai.

Kviteseid kl.11.00. Gudsteneste.

Fjågesund kl.12.30. Gudsteneste.

Brunkeberg kl.13.45. Gudsteneste.

Sun. 19.5. Pinsedag.

Kviteseid kl.11.00. Høgtidsgudsteneste.

Laur. 25.5. Konfirmasjonsgudsteneste.

Vrådal kl.11.00.

Brunkeberg kl.13.30.

JUNI

Sun. 2.6. 2. søndag i treeiningstida.

Kviteseid kl.11.00. Familiegudsteneste.

Sun. 9.6. 3. søndag i treeiningstida.

Vrådal kl.11.00. Gudsteneste.

Sun. 16.6. 4. søndag i treeiningstida.

Brunkeberg kl.11.00. Gudsteneste.

Sun. 23.6. 5. søndag i treeiningstida.

Kviteseid gamle kl.11.00. Gudsteneste.

JULI

Sun. 7.7. 7. søndag i treeiningstida.

Kilen kapell kl.11.00. Gudsteneste.

Sun. 14.7. 8. søndag i treeiningstida.

Vrådal kl.11.00. Gudsteneste.

Sun. 21.7. 9. søndag i treeiningstida.

Kviteseid kl.11.00. Gudsteneste.

Man. 29.7. Olsok.

Kviteseid gamle kl.18.00. Gudsteneste.

KVELDSANDAKTAR i Kviteseid gamle kyrkje
kvar torsdag i juli kl.19.30.

AUGUST

Sun. 4.8. 11. søndag i treeiningstida.

Vrådal kl.11.00. Gudsteneste.

Sun. 18.8. 13. søndag i treeiningstida.

Brunkeberg kl.11.00. Friluftsgudsteneste. Sjå annonse i VTB.